

Sendar: Nils Rogn m.fl.

nve@nve.no

Regnr.: 6554 Saknr.: 2011076242

Tiltakshaver: CLEMENS KRAFT AS

Rogn, 29.02.2016

Føsseberge Kraftverk – Vang i Valdres – Tilleggsmerknad etter oppdatert grunnlag

Me viser til merknadane våre av 16.08.2015 som står ved lag. Me meiner framleis at utbygging av Føsseberge kraftverk vil ha negative konsekvensar for vår bruk av elva.

I fall NVE gjev konsesjon for utbygging av Føsseberge, er det viktig å få presisert dei tilhøva som i særleg grad vedrører garden 85/1 og bustadane nærast inntaksområdet.

Heving av minstevassføring til 2,6 m³/s om sumaren og 2,15 m³/s om vinteren er ei forbetring, dersom det på etterprøveleg vis også vert praktisert slik. Norconsult peikar likevel på at også slik vassføring vil ha stor negativ effekt for fiske, så lenge sumarvassføringa ikkje blir opp mot 4 m³/s. Det er dessverre mange døme på avvik mellom vedtekne vilkår og faktisk minstevassføring fisken kan nytte seg. Ved ei eventuell utbygging, tek vi det som gitt at NVE stiller krav om lågvassrenne som gjev minst 50 cm vassdjup i tilstrekkeleg breidde, jf. "Løsning 1" s. 13, og tilstrekkeleg sumarvassføring, tabell 1 s. 3.

Oppdatert grunnlag vektlegg ansvaret for god terrengtilpassing og utforming av inntaksområdet. I fall utbygging må me som dagleg brukar området bli høyrd - både med omsyn til tryggleik, bruk, tilgjenge og utsjånad. Inntaksområdet er ikkje i eit ubebudd område, det er sentralt på garden og direkte nabo til to bustadhus. Avlingsvegen til Bleikfeto og skogsbilvegen til utmarka kryssar eventuell inntakskanal, krøtera nyttar vegen inn og ut frå utmarksbeite, og det er vegenme og (camping)turistane brukar langs elvestrekninga (fiske, bading, rafting, elvepadling).

Utbyggar gjer eit poeng av at det meste av vassvegen er i tunell, og med det små terrengingrep og berre 1.5 km berørt elvestrekning. Vi minner om den «tilgjengelege delen» av berørt elvestrekning (dvs. vel halvparten), er vårt nærområde og i aktiv bruk.

At eventuell utbygging vil gje overskotsmasse me som grunneigarar må kunne nytte i naudsynt omfang legg vi til grunn, utan at det på nokon måte er eit argument for utbygging. Me viser elles til vår fyrste høyringsmerknad.

Med helsing

Nils Rogn og Kari B. Lien

Knut Rogn og Hilde Vestgård

Geir E. Rogn og Lena J. Rogn

Kopi: Vang kommune (post@vang.kommune.no, Clemens Kraft AS (svein.mygland@clemenskraft.no) og Skagerak Kraft AS (bjarte.guddal@skagerakenergi.no)